



# **TRAFIKKSIKRINGSPLAN FOR TOKKE KOMMUNE 2008-2014**

**-Vedtatt i Teknisk utval møtedato 12.12.2007 utvalssak 07/28 -**

**(Planen vert teken opp til vurdering 2008)**



## **FORORD**

Trafikksikringsplanen for Tokke viser kva område og tiltak det skal satsast på de næraste 6 åra. Planen er ein rullering av tidligare plan og gjeld for perioden 2008 – 2014.

Målet med ein kommunal trafikksikringsplan er å auke kommunens innsats i trafikksikringsarbeidet.

Frå og med 2001 vil ein trafikksikringsplan vere ein føresetnad for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av trafikksikringstiltak.

Tiltak på trafikksikring kan vere:

- Organisatoriske tiltak (tiltak som endrar myndighetars interesse av og kontroll over trafikksikringstiltak).
- Tiltak på vegnettet (kommunale vegar, fylkesvegar og riksvegar).
- Haldningsskapande arbeid (trafikkopplæring barnehage, skule, helsestasjonen mv.)
- Kontroll og overvaking (fart, alkohol)
- Andre relevante og avbøtande tiltak (tiltak utanfor tradisjonelle trafikksikringsarbeid).
- Administrative tiltak (budsjettmessige konsekvensar).

Teknisk utval har den 17. november 2005 gjort vedtak om rullering av trafikksikringsplanen. Teknisk utval har spesielt ansvar med å fylje opp trafikksikkerheitsarbeidet i kommunen gjennom si rolle som kommunens trafikksikkerhetsutval.

**Teknisk etat 30. November 2007**

## INNHALD


FORORD	2
INNHALD	3
INNLEIING	4
VISJON / MÅL	5
SATSINGSOMRÅDE / TILTAK	6
INNSATS MOT ULYKKER	8
ØKONOMI / BUDSJETTMESSIGE KONSEKVENSA	11
REFERANSAR	14



[www.dalen-idag.com](http://www.dalen-idag.com)

## INNLEIING

Vi kan nok ikkje unngå at ulykker skjer i trafikken, men vi kan gjere mykje for å hindre at ulykker vert livstruande. Ved ein kollisjon mellom bil og fotgjengar viser figuren under kor stor tyding kjøretøyets hastigheit har. Ved ein hastigheit rundt 30 km/t, er sjansane store for at fotgjengaren overlever ulykka. Har kjøretøyet ein hastigheit på 50 km/t eller meir, er det stor risiko for at fotgjengaren blir drept.



I Tokke kommune er det viktig å prioritere skulevegen og strekningar der barn og unge ferdast. Her må det gjeres fysiske og førebyggjande tiltak. I praksis vil dette i stor grad bety ein førebygging og ein reduksjon av syklist- og fotgjengarulykker, samt kryssulykker.

Fartsnivå og fysisk utforming av veg- og trafikksystemet har stor betyding for trafikktryggleiken. Viktig er også målretta opplærings- og informasjonstiltak, samt overvaking og kontroll. Særlig viktig er det at sikkerheitskrav blir ivareteke ved val av løysingar i samband med fysisk planlegging.

For at trafiksikringsplanen skal ha ein verknad må prioritera tiltak vere beskrive og stadfesta. Tiltaka må også grunngjevast og kostnadsvurderast samt korleis tiltaka skal finansierast og gjennomførast.

## VISJON / MÅL

Visjonar for trafikksikringsarbeidet i Tokke kommune byggjer på føringar i Stortingsmelding nr. 46, Nasjonal transportplan 2002-2011.

”Regjeringa ser på det store antal skadde og drepne i vegtrafikken som eit alvorleg samfunnsproblem. Derfor har vi lagt til grunn for det langsiktige trafikksikringsarbeidet – ein visjon om ingen drepne eller livsvarig skadde. Visjonen betyr at Regjeringa, i tillegg til å føre ein politikk med mål å redusere totalt antal ulykker, vil sette eit sterkt fokus på virkemidlar som kan redusere de alvorligaste ulykkene”.

Visjonen er meint å vere eit felles fundament for trafikksikringsarbeidet i departementet, vegvesen, politi, kommunale og fylkeskommunale myndigheiter, organisasjonar og for den enkelte trafikants åtferd.

Transport er forbundet med risiko for ulykker, men visjonen tar som utgangspunkt at de alvorligaste følgene av må førebyggas. Eit sterkt fokus på visjonen vil i seg sjølv kunne legge grunnlag for ein reduksjon i antal skadde og drepne.

Barn og unges sikkerheit er eit svært viktig mål. Ungdom er den aldersgruppa med høgast ulykkesrisiko i trafikken. **Tryggleiken for barn og unge skal prioriteras høgt i neste planperiode.** Skulevegen skal gjerast trygg ved å utbetre gjenstående problempunkt og strekningar. Tiltak på skulevegen vil også komme andre fotgjengarar og syklistar til gode. Foreldrekjøring til skulen må reduserast i størst mulig grad. Gjennom praktisk øving og teoretisk opplæring i skule skal borna bli i betre stand til å gå eller sykle på eigen hand i trafikken.



[www.dalen-idag.com](http://www.dalen-idag.com)

## SATSINGSOMRÅDAR / TILTAK

I den tidligare trafikksikringsplanen er det definert ulike satsingsområde som ikkje er gjennomført innan planens tidsfrist. Dette må prioriterast i den nåverande trafikksikringsplanen, der spesielt gang- og sykkelveg frå Gullkopp til Tokke skule har høg prioritet. Kommunen har ikkje myndigheit til å vedta og utføre tiltak på riksvegar. Planen bør innhalde ei prioritert liste over tiltak som kommunen meiner bør gjennomføres på riksvegar.

Den 11. november 2005 ble det haldt eit trafikksikringsmøte på Tokke kommunehus med blant anna politi, trygg trafikk, skulesjefen, rådmann, rektor, ordførar mv. Her kom det inn ein del innspel til trafikksikringsarbeidet i kommunen. Disse merknadene og innkomne merknader frå lokalbefolkninga visast nedanfor og har i saman med andre tiltak fått status som prioriterte satsingsområder.

FTU (fylkestrafikksikringsutvalet) har no vedteke at det kan løyvast midlar til riksvegsprosjekt. Grunngevinga for dette er mellom anna dei innspela Tokke har bidrege med i forhold til at mange trafikksikringstiltak i grendene er knytt til riksvegar. Desse vert sjeldan prioritert frå vegvesenet si side og kommunen får difor ikkje satse der trongen er størst. Vedtaket meiner me er klokt og fører til at ein kan få opp til 60% finansiering av gs- veg til Gullkopp.

### 1. Prioriterte satsingsområder

- Tokke skule
- Høydalsmo skule
- Lårdal skule
- Byrte skule
- Åmdals Verk skule
- Dalen barnehage
- Lårdal barnehage
- Austheia
- Tokke helsesenter
- Gang- og sykkelveg frå Gullkopp til Tokke skule
- Generelt

### 2. Prioriterte fysiske tiltak for perioden 2008-2014

	<b>Prioriterte tiltak</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Utførast</b>
1	Gs-veg	3.500.000	2008-2009
2	Gateljos langs RV 45 frå Tønsbergkrysset og mot Holtebru innanfor 50 sonen. Strekning 800 m ca. 20 lysmaster	300.000	2009
3	Gateljos langs 806 Mo. Ca. 10 lysmaster	150.000	2011
	Gateljos frå Mo grendehus til Jarbrend. 1500 m. 30 lysmaster	450.000	2011
4	Gang- og sykkelvegen i Byrte, i dag er berre halve g/s-vegen brøytt. Ingen vesentleg kostnad. Kontakte brøyttarar.	0	2008
5	I Byrte bør 50-sone skiltet flyttast 100 meter sydover, fordi skiltet er for nære skulen. I tillegg bør det vere fartsdumparar forbi skulen.	50.000	2009
6	I Byrte bør g/s-vegen frå Plassen og ned til skulen forlengas. G/s-vegen frå Nevahaugsleet bør også ha forlengas til Austjøre.	1.000.000	2015
7	Refleks på brøytestikkene vegstrekninga Vinjesvingen – Liosvingen.	?	

8	På Byrte skule bør det monterast eit balloppsamlingsnett langs med gjerdet som går ned mot vegen. Det gjerdet som er der nå er for lågt.	50.000	2009
9	Varslingsanlegget for snøras mellom Byrte og Mo bør flyttast 150 meter syddover. Alternativt kan ein opp i djuvet og grave slik at raset blir leda ned mellom ljosa. I 1997 gjekk det eit snøras på sydsida av varslingsanlegget.	<b>50.000</b>	2009
10	I Byrte bør ljosrekka forlengas begge vegar til bygda stoppar. I Mo bør ein få eit ljospunkt der ungane står og ventar på taxi.	?	?
11	I Høydalsmo er det farlege situasjonar i samband med E 134 og høg fart. Dei ynskjer samstundes gateljos på den nye gangvegen mellom Alderspensionatet og Shell.	50.000	2010
12	Utbetring av fartsdumpar samt fleire fartsdumpar Huvestad og veg til Bornehagen på Dalen	<b>5000</b>	2008
13	Utbetring av venteplass for born til skulen samt fleire gateljos - Austheii	150.000	2011
14	Leskur Svingen og Holtebru	40.000	2008
15	Trafikkopplæring i skule og barnehage.		Bør pågå kontinuerlig
14	Fleire ljospkt. Barnehagen øvre Lårdal samt leskur.		
15			
16			
17			
18			
19			
20			
21			
22			
23			
24			
25			
26			

## INNSATS MOT ULYKKER

### 1. Organisatoriske tiltak (interesse av og kontroll over trafikkisikring).

- trafikkisikringssynfaringar med statens vegvesen er ein ordning som gir ein moglegheit for å utbetre mindre, fysiske trafikkisikringsproblem på alle vegkategoriar. Synfaringane gjennomføres vanlegvis kvart år.
- kartlegging av kommunale vegar som fange opp den fleste trafikk problemområde. Det betyr ein risikovurdering av kvart område.
- vidare arbeid kan skje ved å danne ein eigen styringsgruppe eller eit trafikkisikringsutval i kommunen. Vidare arbeid kan også skje ved å integrere trafikkisikkerhetsarbeidet i andre planar læreplanar, temaplanar osv.(for barne og ungdom).

### 2. Tiltak på vegnettet (kommunale vegar, fylkesvegar og riksvegar).

#### • **Gang- og sykkelvegnett**

- sykkelveier og gang- og sykkelveier er fysisk skilt frå kjørebane med minimum kantstein.

#### • **Sikring av vegane**

- vegutbygging.
- fjerning av skadegivande hindringar utanfor vegbanen.
- kurveutbetringar.
- profilerte midtlinjer
- vegbelysning.
- sikring av kryssingsstadar for fotgjengarar og syklistar.
- vegrekkverk.
- trafikkisikkerhetsrevisjon av planer og eksisterande veger.
- styrking av vinterdrift.
- styrking av vedlikehald.
- spesial skilting (leikende barn).

#### • **Vegkryss**

- signalanlegg i vegkryss eller gangfelt kan betre trafikktryggleiken.

#### • **Vegvedlikehald**

- fjerning av søppel.
- klypping av vegetasjon, vegetasjonspleie skiltsoner.
- vegoppmerking.
- brøyting og strøing om vinteren.
- reparasjon av slaghol, asfaltskader.
- vedlikehald av grusvegar i kommunen.

### 3. Kontroll og overvakings tiltak

#### • **Fartsdifferensiering og nye fartsgrenser**

- reduksjonen av fartsnivået i kommune kan bli nødvendig på farlige punkt. På veger med fartsgrense 50 km/t held 85 % av kjøretøya i dag et fartsnivå på opptil 58 km/t.

#### • **Politikontroll**

- økt teknisk kontroll av tunge kjøretøy.
- økt kontroll av verneutstyr.
- kampanjar bruk av bilbelte og sikring av barn i bil.
- automatisk trafikkontroll.

- **Vinterdekk**

– sommardekk gir ikkje motstand på is og snø, og derfor mister ein raskare kontrollen og sklir. Vinterdekk skal ha ein mønsterdjubde på minst tre millimeter og bør helst byttes kvart tredje til fjerde år ved normal kjøring.

- **Alkohol**

– forslag om ein senking av promillegrensa til 0,2 promille ble fremja i desember 1999, jf. Ot.prp. nr. 26 (1999-2000).

#### 4. Haldningsskapande tiltak (trafikkopplæring barnehage, skule, helsestasjonen mv.)

- **Sikker sykkeltrafikk med hjelm, sykkel og (moped)opplæring**

Syklistar har den høgste skaderisiko av alle trafikantgrupper, og hovudskader er ikkje uvanlig i en velt. Hjelmen fungerer støtdempande slik at slaget mot hovudet ikkje blir så hardt. Hjelmen fordeler også krafta i slaget over en større flate, slik at ikkje hele belastninga rammer hovudet på eit punkt.

- **Trafikksikring / opplæring i skoler og barnehagar**

Trafikkopplæring er svært viktig. Til dømes tilby oppdatert opplæringsmateriell til barnehagar og skular, støtte foreldre med informasjon, rettleiing og materiell, utvikle og kvalitetssikre trafikkundervisninga i lærarutdanninga.

Vidare er det viktig å starte med trafikkopplæring i førskulealderen. Barna er svært mottageleg for haldningspåverknad og mykje av tida i barnehagen nyttast til turar kor barna går, tar buss eller er passasjer i bil. Barnehagen er ein viktig arena for å nå foreldre med tanke på foreldras rolle som førebilde for born i ulike trafikksituasjonar. I grunnskolen kan trafikksikring innarbeidast i læreplanen. Frå og med 2006 blir sykkelopplæring ein del av læreplanen i grunnskolen. Haldningsskapande arbeid er også særskilt viktig med omsyn på vidaregåande skule, da særskilt russen. Når det gjeld førebyggjande tiltak bør det kartleggast kva slags opplegg helsestasjonen, barnehagen og skulene gjer i samband med trafikksikring i dag.

#### 5. Andre relevante og avbøtande tiltak (tiltak utanfor tradisjonelle trafikksikringsarbeid)

- **Obligatorisk refleksbruk**

Frå 1. mars 2007 er det påbyddt å ha refleksvest i bil. Filmar om refleksbruk, refleksdemonstrasjonar og brosjyrer er gode hjelpemiddel.

#### 6. Administrative tiltak

- **Støtte til trafikksikringstiltak**

Dette er ein finansieringsmoglegheit som alle kan søke på til mindre, fysiske eller andre typar tiltak. Søknad sendast til kommunens administrasjon. Trygg trafikk er ein organisasjon som stiller opp til ulike arrangement.

- **Tilskot til trafikksikring**

Aksjon skuleveg har vært og er eit viktig bidrag for å få gjennomført større tiltak blant anna på skulevegen. Tilskotet dekkjer 60 % av tiltaket på kommunal veg og heile beløpet på fylkesveg.

## **ØKONOMI / BUDSJETTMESSIGE KONSEKVENSA**

Det føresett ein årleg rapportering med fokus på gjennomførte tiltak og prioriterte tiltak som fortrinnsvis omfattar alle definerte tiltak i planen. Teknisk utval har eit spesielt ansvar for å følgje opp dette som kommunens trafikksikringsutval.

## **REFERANSAR**

Statens vegvesen 1998: Kommunale trafikksikkerhetsplaner, veiledning. Håndbok 209.  
Nasjonal handlingsplan for trafikksikkerhet 2002-2011, Samferdselsdepartementet.  
Trafikksikkerhetsplan for Trondheim 2002-2005, Trondheim kommune.  
Statens vegvesen 1998: Veileder for utarbeidelse av kommunale trafikksikkerhetsplaner.

## TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2001-2006

	<b>Prioriterte tiltak</b>	<b>Kostnader</b>	<b>Ansvar</b>
1	Gang- og sykkelveg frå skulen til Gullkopp langs riksvegen.	Ca. 2,5 mill	Statens vv
2	Omregulering av parkeringa samt av- og påstigningstilhøva vest for låven på Moen.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
3	Stenge av biltrafikken ned til Tokkehallen.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
4	Ny bru til Huvestad med best mogeleg tilkomst til gangveg skulen/Gullkopp.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
5	Oppmerka gangfelt over R45 der vegen tek av til barnehagen.	Ikkje aktuelt	Statens vv
6	Finne ein gangfeltløsning over R45 på Moensjordet som dekker tryggleiken for fotgjengarar som skal krysse vegen til Elvarheim – Biblioteket og skulen.	Ikkje aktuelt	Statens vv
7	Ny avkjørsel Gullkopp bustadfelt	<b>IKKJE AKT.</b>	Tokke k.
	<i>Høydalsmo skule:</i>		
8	Ny snuplass/ avstigningslomme for skulebussen kombinert med gangveg ned til skulen.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k
9	Gang- og sykkelveg langs E 134 i sentrum med avgreining til skulen via regulert fotgjengerfelt mot tilsvarande gang og sykkelveg lags RV 45 bort til skulen.	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
10	Nye gateljos langs RV 45 frå E 134 og bort til skulen.	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
11	Omlagging av RV 45 gjennom Bakkenfeltet. (når vegvesenet bestemmer seg for dette?)		Statens vv
12	Skjerming mellom RV 45 og skuleområdet. (Vert løyst når ny g/s-veg kjem samt regulera avkjørsel ned til skulen/barnehagen jmf. Reg.plan)	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
13	Fullføring av gangveg frå Bakkenfeltet langs RV 45 med gangfelt over mot skulen.	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
14	Nye gateljosarmatur langs E134.	<b>UTFØRT</b>	
	<i>Lårdal skule:</i>		
15	Gateljos i bustadfeltet frå pensjonatet og ned til skulen.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
16	Regulert busslomme med god plass for av- og påstigning ved skulen.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
17	Innehugning av skuleområdet mot hovudvegen og naboområdet vest.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
18	Rekkverk med håndløper lags kommunal veg mellom skule og alderspensjonat.	<b>UTFØRT</b>	
	<i>Byrte skule:</i>		
19	Busslomme ved skulen med regulert gangfelt opplyst av gateljos og med skilt.	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
20	Gateljos frå Nevahaugkrysset og ned til skulen.	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
21	Busslomme med leskur ved Nevahaug.	100 000	Statens vv
	<i>Åmdals Verk skule:</i>		
22	Stenge av dagtrafikken bort til skulen med skilt ved parkeringsplass.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
23	Regulere gjennomkøyring og av- påstigning nede ved parkeringsplass. Teknisk etat vurderar dette tiltaket som ikkje naudsynt.	<b>IKKJE AKT.</b>	
	<i>Tokke helsesenter:</i>		
24	Tokke legesenter og Helsesenter må få betra innkøyringa til legesenter slik at rygging forbi rundkøyringa ved Helsesenteret vert unngått.	<b>UTFØRT</b>	
25	Planering av terrenget ved inngangen til legesenteret er òg naudsynt. Av- og påstigning her er ikkje enkelt for rullestolpasientar og rullatorbrukarar i dag.	???	
	<i>Generelt:</i>		
27	Strekning Myrane-Vinje grense (E134)		Statens vv

28	Nedsetjing av fartsgrenser i kommunale bustadfelt til 30 km/t.(1999)	<b>UTFØRT</b>	
29	Rydding av vegetasjon langs kommunale vegar, særleg i kryss og bustadfelt	50 000	
30	Autovern på kommunale vegar.		
31	Utsetjing av sandkasser ved kommunale vegar og kommunale bygg	<b>UTFØRT</b>	
32	Påtrykk overfor skular og barnehagar om opplæring i trafikksikring og reglar.		Skuleetat./politi
33	Oppsetjing av leskur etter prioritering frå Telemark bilruter.		
34	Leskur Svingen og Holtebru	40 000	Tokke k.
35	Fartsdumpar på Huvestadodden byggefelt	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
36	Forlengje G/S-veg forbi kommunehuset til Dalen Brygge. Gangfelt gamleberg - mar-el.	<b>UTFØRT</b>	Statens vegvesen
	<i>Gateljosprosjekt som står att:</i>		
1	2 pkt. ved Byrte skule	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
2	15.pkt ved Gullkopp	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
3	12 pkt. Forlenging av gateljosrekkja frå kyrkja og ned mot bryggeområdet.	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
4	8 pkt. frå brua i Mo mot Liosvingen	80 000	Statens vv
5	(8)4 pkt. Bilstad – Svingen, Skafså	<b>UTFØRT</b>	Statens vv
6	1 pkt. Midjåskrysset	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
7	7 pkt. Busstasjonen – Tangane, Dalen	<b>UTFØRT</b>	Tokke k.
8	1 pkt. Luane – Nedrebø	10 000	Tokke k.
9	8 pkt. frå Austheii barnehage mot krossli, der ungane ventar på skulebussen	<b>UTFØRT</b>	Statens vv

## VEDLEGG KOMMUNALE VEGAR / TILTAK / KOSTNADER

<b>Vegstrekning</b>	<b>Antall km. Tilstand/ Tiltak.</b>	<b>Kostnader</b>
---------------------	-------------------------------------	------------------

### **UTE I GRENDENE**

Modalen	6.5 km	
Kleppholt- Froland	6.3 km	Grøfterensk, div. utbedring b.l.a. Ved Felland og fjellrensk ved geiteskar.
Kleppholt- Mo	3.0 km	Utskifting av bæremasse stykkevis, grøfterensk og nytt asfaltdekke.
Byrte	1.0 km	
Håtveit i Mo	2.1 km	
Skålebygde	3.5 km	Er dårleg asfaltdekke og svak grunn. Stykkevis masseutskifting.
Åsgrend i Mo	2.0 km	Skyte vekk fjellnabb ved Dølo.(Det er veldig smalt der.)
Midjås	3.4 km	Øvre del. Rydde skog langs veg, grøfterensk, utbetring i svingar.
Lårdal- Strandin	2.6 km	
Lårdal- Skatter	2.7 km	Grøfterensk.
Kvålsgrend	4.1 km	Er løyvd pengar til utbetring?
Sandvik	0.8 km	
Tveiten	1.1 km	
Lauvikvegen	4.6 km	
Eidsborg	1.4 km	Er dårleg asfaltdekke.
Gransherad	<u>0.5 km</u>	Grøfterensk.
	<b>45.6 km</b>	

### **DALEN**

Talleiv Huvestad veg	1627m	Vegen har flekkevis setningar og har dårleg asfalt dekke.
Åslandsreinane	638m	Bør utbetrast når nytt bustadfelt blir utbygd.
Huvestadodden	387m	
Huvestadvegen	354m	
G/S-veg. Huvestad- skulen	470m	
Tokkehallen	144m	
Dalen v.g. Skule	275m	
Myllevegen- Moensjordet.	604m	
Dyrskuvegen	157m	
Bandakjordet	735m	
Åse Stålekleivsveg	440m	
Statkraft	156m	
Tokkestad	114m	
Nordigardvegen	265m	
Revahaugvegen	145m	

Nestestogvegen	404m
Ivirovegen	134m
Hotellvegen	496m
Åsmund Nordgaardsveg	125m
Bakerivegen	105m
Buøyvegen	744m
Petter Mandts veg	357m
Regimentvegen	129m
Markensvegen	371m
Tangane	242m
Bufjordvegen	111m
Molybdenvegen	<u>102m</u>
	<b>9862m</b>

### VISTAD.

Vistadmoen	182m
Gullkopp	420m
Gullkopp II	384m
Gullkopp III	<u>58m</u>
	<b>1044m</b>

### ÅMDALS VERK.

Gamleveg	814m	Sprengning/ grøfterensk.
Bustadfelt	247m	Må utbetrast og reasfalterast.
Barstadvegen	314m	
Doktarvegen	462m	
Skulevegen	<u>138m</u>	
	<b>1975m</b>	

### LÅRDAL

Hagadokki	560m	Begynnar å bli dårleg asfalt.
Saurlandsvegen	448m	
	<b>1008m</b>	

### HØYDALSMO

Nytt bustadfelt- Felt A. Bakken	289m	Asfalterast.
Gml. Bustadfelt- Kvildebakk	509m	
Tone Bakkens veg	128m	
Felt. B. Stigningi.	107m	Asfaltere snuplass.
Høydalsmo skule	238m	
Langedal	270m	
Vegstasjon- Industriområde.	308m	
	<b>1849m</b>	

Totalt med kommunal veg **61.3 km**



**Tokke kommune**

Arkiv: Q80  
Saksnr.: 2007/358-1  
Saksbeh.: Åge Verpe  
Direkte tlf.: 35075261  
Dato: 30.11.2007

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Teknisk utval	07/28	12.12.2007

## Trafikksikringsplan Tokke kommune 2008-2014

### Saksdokument:

Trafikksikringsplan 2001-2006  
Trafikksikringsplan 2008-2014

### Saksutgreiing:

Tokke kommune treng no å rullere trafikksikringsplanen. Den gamle planen gjeld i utgangspunktet til 2006. FTU (fylkestrafikksikringsutvalet) krev oppdatera trafikksikringsplanar for tildeling av aksjon skulevegmidlar.

Teknisk etat byrja rulling av denne planen i 2005-2006 ansvarleg for rullinga var då vikartilsett på teknisk. Det var varsla oppstart og ålmenta var bedne om å kome med innspel. Det har kome åtte innspel:

- Forlenging av gs-veg i Byrte, betre brøyting av gs-veg, forlenging av gateljos heile grenda, redusere fartsgrense syd for skulen, fartsdumpar framom skulen, oppsamlingsnett for ballar ved skulen, varslingsanlegg ved Byrtedam må flyttast 150 m syd. FAU/Byrte oppvekstsenter.
- Gateljos frå Tønsbergkrysset til avkøyrsla til Johre R38 – Skafsåberget. Innspel frå Johre og Barstad, samt ca.20 underskrifter.
- Gateljos på fylkesveg 806 frå Betel – Moseåi. Innspel frå Helgesen.
- Gateljos Mo grendehus – Jarbrend. Innspel Mo grendelag.
- Utbetring av fartsdumpar samt fleire fartsdumpar på kommunal veg ned til Dalen barnehage. Innspel frå Vågslid
- Fleire fartsdumpar på Talleiv Huvestadsveg frå Hakesflot til avkøyrslen nytt bustadfelt. Innspel frå Berdalen.
- Fleire gateljospunkt Austheia, utbetring av venteplassar for ungar, redusert fartsgrense. Innspel Austheii grendelag v/Midtbø.
- Interpellasjon til kommunestyre 06.12.05. Fokus på gs-veg Gullkopp Dalen

Dei nye innspela er viktige å få med i ny trafikksikringsplan. Samstundes er det ein del tiltak i den gamle planen som ikkje er utført. Det er viktig at dei tiltaka som ikkje er utført vert overført til ny plan.

Byrte oppvekstsenter har i sitt innspel kome med ynskje om trafikkopplæring for både born og foreldre. Dette er eit svært godt innspel som bør fylgjast opp av kultur og oppvekstetaten. Det er mange døme på at lokal trafikkopplæring gjev gode resultat for born, unge og vaksne som ferdast i trafikken.

Trygg trafikk, statens vegvesen, politi, teknisk etat, skuleverket er viktige aktørar for å arbeide systematisk med trafikksikkerhetsarbeidet. Mange ting vert gjort i dag av helsestasjonen, skulane, barnehagar mm, men det saknast ein heilskap og kvalitetskontroll på det som vert utført.

### **Rådmannen si tilråding:**

Teknisk utval godkjenner trafikksikringsplanen for Tokke kommune 2008-2014

### **Saksprotokoll i Teknisk utval - 12.12.2007**

Rådmannen si tilråding samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Geir Arild Djuve:  
Fleire ljospkt. Barnehagen øvre Lårdal samt leskur.  
Samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Kjell Magne Grave:  
Planen vert teken opp til vurdering 2008.  
Samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Teknisk utval godkjenner trafikksikringsplanen for Tokke kommune 2008-2014.  
Fleire ljospkt. Barnehagen øvre Lårdal samt leskur.  
Planen vert teken opp til vurdering 2008.